


**Oppmannsrapport
etter fellessensur i norsk skriftleg
i Møre og Romsdal**

**Sentralt gitt eksamen
NOR0218 og NOR0219, 10. årstrinn**



**Våren 2025
Åndalsnes 06.08.25
Anne Mette Korneliussen
Oppmann**

Innhald

Fellessensurmøte	3
Statistikk	3
Kommentarar til eksamensrettleiinga.....	3
Kommentarar til eksamenssettet.....	4
Oppgåvene	4
Hovudmål NOR0218	4
Sidemål NOR0219.....	5
Forslag til tema.....	6
Andre norskfaglege innspel.....	7

Fellessensurmøte

Fellessensuren vart gjennomført på Scandic Hotel Alexandra i Molde 17. juni. Det vart halde førebuande møte med Statsforvaltaren og oppmenn 16. juni. Vi var 32 sensorar som var fordelt på 8 sensorgrupper. Kvart sensor-par måtte levere to elevsvar inn til oppmannssensur. Oppmannskontoret handsama til saman 59 elevsvar under fellessensuren i år. På sensorskuleringa jobba vi med fem elevsvar frå førehandssensuren. Vår eksamensregion hadde sensorskulering 02. juni på Scandic Hotel Alexandra i Molde. Resultatet er auka medvit og eit betra tolkingsfellesskap når det gjeld vurdering av tekster.

Filmen som var laga av Udir var tydeleg, nyttig og informativ.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal representert ved Annhild Lorentzen og Tone Malme har full kontroll og gjer ein fantastisk jobb i samband med sensorskuleringa og fellessensuren 2025. I år var det feil ved plagiatskontrollen, elevane sin bruk av KI, elevar som skriv namnet sitt på lenkja og elevar som har «fått» feil målform nokon av dei utfordringane Statsforvaltaren hjelte oss med.

Statistikk

Endelig karakter (før klage):

Fagkode ↑	Fagnavn ↑↓	Karakter ↑↓	1 ↑↓	2 ↑↓	3 ↑↓	4 ↑↓	5 ↑↓	6 ↑↓	Standardavvik ↑↓	Snitt før klage ↑↓	Endelig snitt ↑↓	Snitt nasjonalt ↑↓
NOR0218	Norsk hovedmål 10. årstrinn, skriftlig	1007	0,50%	13,70%	37,54%	33,57%	12,51%	2,18%	0,97	3,50	3,50	3,52
NOR0219	Norsk sidemål 10. årstrinn, skriftlig	840	0,83%	19,17%	38,45%	30,60%	10,00%	0,95%	0,95	3,33	3,33	3,34

Kommentarar til eksamensrettleiinga

Eksamensrettleiinga hadde tydeleg og presis informasjon til elevar, lærarar og sensorar. Vurderingsområda var detaljerte og utdjupa. Vurderingsmatrisa var presis med vurderingsskjema til kvar oppgåve.

Kommentarar til eksamenssettet

Eksamen i norsk har god form og struktur. I år var det ikkje førebudingsdag og førebudingshefte. Elevane fekk i år tre oppgåver til eksamen i hovudmål og sidemål. Den første oppgåva har tre delar. I den andre oppgåva kan eleven velje mellom to oppgåver. I den siste møter eleven ei ganske ny type oppgåve med fleire bestillingar. Ein kan sjå ein nær samanheng mellom eksamen og kompetansemåla i læreplana. Oppgåvene er nært knytt til tekstene elevane skal bruke for å løyse eksamen. Det kan vere krevjande å svare på ei kompleks oppgåvebestilling med fleire delar. Elevane treng meir trening i å tolke oppgåvene og få innhald i sentrale omgrep. Mange elevar nyttar KI for å løyse skriveoppgåver på skulen. Desse elevane manglar mengdetrening når dei skal produsere tekst.

Oppgåvene

Oppgåvene er spissa og nært knytt til vedlegg. Kan løysast av alle elevane på alle kompetansenivå. Elevane får tydeleg melding om kva område tekstene vil bli vurdert på. Vidareføring av ei meir norskfagleg line. Utvalet av tekstar er moderne, variert og har oftast passeleg lengd. Tekstane har ulike sjangrar og kan både inspirere, engasjere og setje i gang refleksjon. Fleire av tekstene treff alle. Tekstane og bileta er aktuelle.

Elevane fekk i år tre oppgåver til eksamen i hovudmål og sidemål. Den første oppgåva har tre delar. I den andre oppgåva kan eleven velje mellom to oppgåver. I den siste skal eleven bruke tekstvedlegg i løysinga av oppgåva.

Hovudmål NOR0218

1a, 1b og 1c: I oppgåve 1 nyttar elevane teksten «Ibsen vekt til live igjen med ny AR-app». Teksten er moderne og kul og treff elevane på ein god måte. I 1a skal elevane svare på kva som er hovudinnhaldet i teksten. Dette klarer dei fleste av elevane. I oppgåve 1b klarer ein del elevar ikkje å forklare kvifor denne appen er utvikla. I 1c klarte dei fleste å skrive noko om kva metodar utviklarane av appen har nytta for å gjere Ibsen så verkelegheitsnær som mogleg. Det varierer noko om svaret er underbygd med døme frå teksten. Presisjonsnivået varierer noko.

2: Her har eleven to alternativ å velje mellom. I 2a skal eleven skrive ein skjønnlitterær tekst der hovudpersonen viser mot i ein vanskeleg situasjon. I

denne oppgåva skal eleven bruke språklege verkemiddel for å skildre situasjonen og korleis hovudpersonen løyser han. Mange elevar skriv denne oppgåva på middels nivå.

I 2b vert eleven utfordra til å skrive ein tekst der ein skal reflektere over kva moglegheiter unge har til å uttrykkje meininga si, og korleis ytringar kan påverke kvardagen til ungdom. Nokon av dei beste svara er kreative og har gode refleksjonar.

3: I denne oppgåva skal eleven bruke teksten «Annika Momrak kjem frå Bø i Telemark – no vil ho lære seg dialekta» av Åshild Slåen. Bestillinga vil at eleven skal skrive ein tekst som forklarar kva Momrak meiner om språk og identitet. Vidare reflektere over kva som kan vere med på å endre det språklege mangfaldet i Noreg. Eleven skal bruke fagomgrep og vise til døme frå teksten. Mange elevar fann denne oppgåva utfordrande. Oppgåvebestillinga hadde fleire ledd og det var mykje å passe på.

Sidemål NOR0219

1a, 1b og 1c: I denne oppgåva skal eleven bruke tekstane «Om å ha håp» av Bente Bratlund Mæland og «Syrin» av Rolf Jacobsen. I 1a klarer mange elevar å skildre håp i «Om å ha håp». I oppgåve 1b klarer ikkje alle elevane å forklare kva «hele stua full av sommar» betyr. I 1c er det tydeleg at mange elevar finn det krevjande å samanlikne form og tema i dikta. Det er stor variasjon i bruken av døme og fagomgrep. Den krevjande delen av oppgåva er å underbyggje svaret med døme frå dikta. Strukturerte og tydelege oppgåvebestillingar. Oppgåva er krevjande.

2: Her har eleven to alternativ å velje mellom. I 2a vert det forventa at eleven skal skrive ein tekst der ein reflekterer over korleis det å hjelpe andre kan vere med på å skape samhald og knyte band mellom menneske. I oppgåve 2b skal eleven skrive ein tekst der hovudpersonen utviklar ei oppfinning som endrar samfunnet. Vidare skal eleven bruke verkemiddel for å skildre korleis utviklinga av oppfinninga skjer, og korleis utviklinga påverkar samfunnet. Mange elevar viser stor skriveglede i denne oppgåva. Elevane viser varierende kunnskap og kompetanse om verkemiddel.

3: Eleven skal bruke utdraget «Akerselva» av Ella Marie Hætta Isaksen. Vidare skal eleven skrive ein tekst der ein reflektere over samanhengen mellom elvane og joik i teksten. Etterpå skal eleven forklare korleis forfattaren bruker verkemiddel for å få fram forholdet ho har til heimstaden sin og til byen ho no bur i. Eleven skal bruke fagomgrep og vise til døme frå teksten. Oppgåva har ein tydeleg struktur, men er svært krevjande og kompleks. Mange tekster har varierende struktur og presisjonsnivå.

Forslag til tema

- *Samansette tekster

- *Reklame

- *Nytt og klassisk

- *Språk

- *Songtekster som ungdom høyrer på

- *Moderne skjønnlitteratur

- *Film

Kommentarar:

- ***Språket må få større plass.** Dei formelle dugleikane ser ut til å ha hatt for liten plass i opplæringa. Dette ser ein særleg i nynorsk, både som hovudmål og sidemål.

- *Bruke songtekster og andre kulturuttrykk (teikningar og måleri).

- *Elevane må få vise meir fagkunnskap i skriftleg.

- *Språk versus innhald.

- *Bruke aktuelle tema i tida.

Andre norskfaglege innspel

Sensorane er godt nøgde med vurderingsmatrisa. Den er eit nyttige verktøy i sensorarbeidet. Det vart peika på at matrisa ikkje klarer å fange opp alle nyansar, men at sensorane sitt faglege skjønn og vurderingskompetanse gjer at det fungerer.

Sensorskuleringa er svært viktig og gjer at tolkings- og vurderingsfellesskapet i sensorgruppa er i utvikling mot meir eins praksis.

Eksamensrettleiinga er no godt innarbeidd. Nyttig og relevant informasjon til elevar, faglærarar, skuleleiing og sensorar. Elevane skal ha fått kjennskap til denne i god tid. Skuleleiinga har her eit viktig arbeid med å spreie informasjon nedover i systemet til faglærarane.

Førehandssensuren er til god hjelp i sensorarbeidet.

Fellessensuren gjekk føre seg utan store problem.

Sensorgruppa er no ei fin blanding av erfarne og nye sensorar.

Vurderingskompetansen ein får gjennom å vere sensor er god utdanning i vurdering for kvar einskild og gjennom spreiding av kompetanse rundt om på skulane.

Fleire sensorar peika på at truleg gjer elevane sin bruk av KI at dei ikkje får nok trening i å skrive. Elevane vert freista til å ta i bruk kjappe løysingar. Manglande mengdetrening og gjer at skriving vert vanskeleg.

Anne Mette Korneliussen

Oppmann

